

Seim Bygg AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3664 - 14/11828

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

15.05.2014

Mellombels bruksløyve for felt B3 seksjon 11 og 12 - gbnr 202/26 Hjelmås

Det vert vist til søknad om mellombels bruksløyve, mottaken 07.05.2014.

Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-10 vert det her gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket.

Spesifikasjon.

Byggestad: Hellesneset 53 A og B, gbnr 202/26. Seksjon 11 og 12. Bygningsnummer 300379031 og 300379034.
Type tiltak: Oppføring av tomannsbustad.
Vedtak: Delegert sak handsama 28.12.2011.
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Tiltakshavar: Seim Bygg AS og Majo Eigedom AS

Vilkår:

Følgjande arbeid er ikkje utført, og må vera ferdig før ferdigattest kan gjevast:

1. Listing
2. Rydding av byggeplass
3. Asfaltering og infrastruktur

I søknad om mellombels bruksløyve mottake 07.05.2014 er det også kryssa av for at trappemonterin gjenstår. Det er stadfesta frå ansvarleg søkjar på telefon 15.05.2014, at dette er ein feil i søknaden og at dette arbeidet er utført. Det vart også opplyst om at arbeidet med listing skal vera utført no.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mellombels bruksløyve er gyldig til 02.06.2014. Søknad om ferdigattest skal vera kommen inn til kommunen til denne datoen. Bruk av bygning/tiltak utan gyldig ferdigattest eller mellombels bruksløyve er i strid med lova og kommunen kan gje pålegg om at ulovleg bruk skal innstillast.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Det er oppretta kommunal klagenemnd i samsvar med kommunelova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr

Søknadspålyttige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen si gebyrforskrift for 2014.

Skildring	Antall	Beløp
10.2.8 Mellombels bruksløyve	1	2.800
Totalt gebyr å betale		2.800

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eiendom

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Seim Bygg AS